

Tønsbechs Blad 12/12-1942
**Berggrav og Paal Berg
vilde be kongen abdisere.**

100201

**Neri Valen gir nye opplysninger om
riksrådsforhandlingene i 1940.**

Advokat Annæus Schødt har skrevet en fremstilling av riksrådsforhandlingene i 1940 og sendt den til Stortingets protokollkomité. Som bilag til denne fremstilling har Neri Valen skrevet «Merknader om nokre feil og mistak i den faktiske framstilling frå Undersøkelseskommissionen av 1945 når det gjeld riksrådsforhandlingane».

«Varden» har fått adgang til å offentliggjøre Neri Valens redegjørelse som omfatter bl. a.:

«Konferansen på fylkesmann Christensens kontor 17. juni kl. 17—18.

Konferansen som vara omlag ein time, frå ca. kl. 17 til 18, gjekk for

seg i rolege og verdige former.

For det første blei alle gjort kjent med dr. Dellbrügges nye framlegg. Og tolken, dr. Brodersen, fekk til oppgåve å setja framlegget om til norsk og få det mangfoldiggjort til plenumsmøtet kl. 18.

So holdt biskop Berggrav fram at han forstod uttalelsene frå dr. Dellbrügge slik at tyskarane ønskte ein separatfred med oss. Og han meinte at slik som stoda var no, burde ein gå inn for fredsslutning. Med utgangspunkt i det framlegget dr. Dellbrügge hadde levert oss, laga Berggrav ulkast til eit framlegg frå norsk side med fullmakt for Riksrådet til å slutte fred med Tyskland.

Ingen av oss andre som hadde vore med i møtet hjå dr. Dellbrügge, hadde forstått han på den måten. Og ingen av presidentskapet var samd med Berggrav i at det ville vera ønskjeleg med fredsunderhandlingar no. Derimot studde Paal Berg framlegget. Berggrav heldt også fram at det fylgte av seg sjølv at med en fredsslutning no kunne ikkje Kongen koma tilbake, og den heldigaste ordning ville då vera at han abdiserte friviljug. I det vidare ordskifte bad Paal Berg fylkesmann Christensen formelt om ordet (sidan me var samla på Christensens kontor), og Paal Berg heldt eit innlegg i høglidelege former. InnhalDET var at situasjonen ute i verda med Frankrikes nederlag førde med seg

at også me måtte fylge ei anna line enn hittil. Difor ville han stø framlegget om ei fredsslutning med Tyskland. Politisk var situasjonen no ein heilt annan enn om morgonen, og me kom no heller ikkje forbi å skilja oss med Kongen. Han understrika dette med å segja: «Når det slutt med jussen, det er politikk det gjelder.» Og når situasjonen var den, ville han tilrå å sende telegrafisk oppmoding til Kongen om å abdisere. Han baud seg til å gå til den svenske minister og røkja etter om det ville vera høve til å få sende eit slikt telegram.

I tilslutning til det som Berggrav og Berg hadde halde fram, forma Berggrav dette framlegget (som eg har millom papira mine frå denne konferansen):

«Stortingets presidentskap telegraferer straks til Kongen og henstiller til ham at han i forståelse av den nåværende politiske og militære situasjon, og for å sikre det norske folks uavhengighet, gir avkall for seg og sin sønn på sine forfatningsmessige funksjoner.»

Framlegget er utforma i nær tilknytning til punkt 3 i dr. Dellbrügges framlegg.

Ingen av presidentskapet og heller ikkje Christensen eller Harbek ga noko tilslutning til dei synsmåtar som var halde fram av Berggrav og Berg.»